



Kåre Villanger
Friggs Veg 28
5221 NESTTUN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marte Ruvang Karlsen, 5557 2116

I høve merknader - Byggesak - Alver - 418/9 - Villanger - frådelling av bustadtomt

Statsforvaltaren viser til vår tidlegare handsaming av klagesak på ovannemnde eigedom.

Vi har i etterkant av vårt vedtak av 20.01.2022 motteke ytterlegare merknader frå Tone Fløysand, Arvid Villanger, Kåre Villanger, og Bjørn Villanger.

Ettersom saka vart oppheva av oss, er den sendt tilbake til kommunen for ny handsaming. Grunngevinga for opphevinga var at kommunen ikkje hadde gjort ei tilstrekkeleg vurdering av vilkåra for dispensasjon. Statsforvaltaren tok med dette ikkje stilling til realiteten i saka.

Ettersom saka er sendt tilbake til kommunen tek vi ikkje stilling til dei merknadene som er komen inn. Dei vert likevel registrert på saka. Dersom kommunen gjer nytt vedtak som vert klaga på og vidaresendt til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd, vil vi sjå på saka på nytt.

Dersom ein meiner at det ligg føre feil ved Statsforvaltaren sitt vedtak av 20.01.2022 som fører til at vårt vedtak er ugyldig, er riktig framgangsmåte å krevje omgjerding. Vi vil likevel gjenta og presisere at vi ikkje har teke stilling til realiteten i saka, men sendt tilbake til kommunen for ny handsaming der.

Dette til orientering.

Med helsing

Marte Ruvang Karlsen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG

Mottakerliste:

Arvid Villanger

Rossnesvegen 414

5937

Bøvågen

Bjørn Villanger

Nordre Villanger 10

5937

BØVÅGEN

Tone Fløysand

Rossnesvegen 414

5937

BØVÅGEN

Kåre Villanger

Friggs Veg 28

5221

NESTTUN